



Nasjonalparkstyret
for Reinheimen

Møteinnkalling

Utvalg: Nasjonalparkstyret for Reinheimen
Møtested:
Dato: 01.12.2025
Tidspunkt: 11:00

Eventuelt forfall må meldes snarest til nasjonalparkforvalter. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

Start kl 11.00

Godkjenning av protokoll og innkalling

Orienteringar

- Reguleringsplan for E 136 Flatmark – Monge ligg ute på høyring (Nye Veier). Asplan Viak ved Henning Myrland presenterer grunnlaget for ein søknad om dispensasjon frå verneforskrifta.
- Orientering om prosjektet reiseliv og forvaltning (pilot i Innlandet)

Referatsaker

Delegerte saker

Ca 12.30 (15. min pause)

Styresaker med orientering frå Nordplan AS v/ Marte Turtum

Vel møtt!

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 41/2025	Godkjenning av protokoll og innkalling - Val av ein representant til å skrive under protokoll saman med styreleiar		
ST 42/2025	Orienteringar		
ST 43/2025	Referatsaker		
	Opprettholder vedtak - klagesak - Romsdalen LVO - oppføring av telekommunikasjonsmast med tilhørende utstyrshytte - 70/2 - Lyse Tele AS		2024/8244
	Orientering - hovedprosjekt - reiseliv og forvaltning - en pilot i Innlandet - Nasjonalparkstyret for Reinheimen		2025/12833
	Informasjon - skadefelling og lisensfelling i verneområder - Nasjonalparkstyret for Reinheimen		2025/12011
	Grunnlag til søknad om dispensasjon fra verneforskriften - reguleringsplan - Rauma - E136 Flatmark - Marstein - 633101423		2024/7864
ST 44/2025	Delegerte saker		
DS 43/2025	Delegert sak - dispensasjon - Finndalen LVO - barmark - oppfølging av sikringstiltak - Råkån - Hågåsetra - Finndalsvegen SA		2025/10332
DS 44/2025	Delegert sak - dispensasjon - Romsdalen LVO - snødekt mark - barmark - Tunga bru - Storlistua - Paul Harald Brudeli		2025/9069
DS 45/2025	Delegert vedtak - dispensasjon - Reinheimen NP - Romsdalen LVO - snødekt mark - barmark - varetransport til fjellstyrehytter - Grytten fjellstyre		2025/10310
DS 46/2025	Delegert sak - dispensasjon - Tafjorden-Reindalen LVO - helikopter - vedlikeholdsarbeid - Djupdalen - Tone Ingebjørg Tryggvason		2025/12424
DS 47/2025	Delegert vedtak - dispensasjon - Reinheimen NP - Romsdalen LVO - barmark - snødekt mark - motorbåt - Tunga - Ulvådalsvatnet - Odd Erik Hjelle		2024/13144
DS 48/2025	Ottadalen LVO - Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2026 - snødekt mark - alternativ rute om Stamåttjønn til Kvernåttjønn - Olav Bruheim Kvåle		2024/1872
DS 49/2025	Delegert sak - Reinheimen NP - Lordalen Ivo - Finndalen Ivo - Brettingsmoen NR - Ottadalen Ivo - Romsdalen Ivo - Trollstigen Ivo - Tafjorden-Reindalen Ivo - lisensfelling jerv - 2025-2026		2025/5644
DS 50/2025	Delegert sak - Lordalen LVO - lisensfelling jerv - 2025-2028 - Marius Kornkveen		2025/5644
DS 51/2025	Delegert vedtak - dispensasjon - Tafjorden-Reindalen LVO - Muldalslia NR - barmark - ATV -		2025/10853

gårdsdrift - vedlikehold av veg - uttransport av felt
hjortevilt - Nils Helge Muldal

ST 45/2025	Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2026 - 2029 - helikopter - snødekt mark - fangst og radiomerking av jerv - Norsk institutt for naturforskning NINA	2025/10780
ST 46/2025	Nasjonalparkstyret for Reinheimen - midler til tiltak i verneområder - naturrestaurering - SNO-ressurser - 2026	2025/11938

ST 41/2025 Godkjenning av protokoll og innkalling - Val av ein representant til å skrive under protokoll saman med styreleiar
ST 42/2025 Orienteringar
ST 43/2025 Referatsaker
Opprettholder vedtak - klagesak - Romsdalen LVO - oppføring av telekommunikasjonsmast med tilhørende utstyrshytte - 70/2 - Lyse Tele AS
Orientering - hovedprosjekt - reiseliv og forvaltning - en pilot i Innlandet - Nasjonalparkstyret for Reinheimen
Informasjon - skadefelling og lisensfelling i verneområder - Nasjonalparkstyret for Reinheimen
Grunnlag til søknad om dispensasjon fra verneforskriften - reguleringsplan - Rauma - E136 Flatmark - Marstein - 633101423
ST 44/2025 Delegerte saker
DS 43/2025 Delegert sak - dispensasjon - Finndalen LVO - barmark - oppfølging av sikringstiltak - Råkån - Hågåsetra - Finndalsvegen SA 2025/10332
DS 44/2025 Delegert sak - dispensasjon - Romsdalen LVO - snødekt mark - barmark - Tunga bru - Storlistua - Paul Harald Brudeli 2025/9069
DS 45/2025 Delegert vedtak - dispensasjon - Reinheimen NP - Romsdalen LVO - snødekt mark - barmark - varetransport til fjellstyrehytter - Grytten fjellstyre 2025/10310
DS 46/2025 Delegert sak - dispensasjon - Tafjorden-Reindalen LVO - helikopter - vedlikeholdsarbeid - Djupdalen - Tone Ingebjørg Tryggvason 2025/12424
DS 47/2025 Delegert vedtak - dispensasjon - Reinheimen NP - Romsdalen LVO - barmark - snødekt mark - motorbåt - Tunga - Ulvådalsvatnet - Odd Erik Hjelle 2024/13144
DS 48/2025 Ottadalen LVO - Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2026 - snødekt mark - alternativ rute om Stamåttjønn til Kvernåttjønn - Olav Bruheim Kvåle 2024/1872
DS 49/2025 Delegert sak - Reinheimen NP - Lordalen Ivo - Finndalen Ivo - Brettingsmoen NR - Ottadalen Ivo - Romsdalen Ivo - Trollstigen Ivo - Tafjorden-Reindalen Ivo - lisensfelling jerv - 2025-2026 2025/5644
DS 50/2025 Delegert sak - Lordalen LVO - lisensfelling jerv - 2025-2028 - Marius Kornkveen 2025/5644
DS 51/2025 Delegert vedtak - dispensasjon - Tafjorden-Reindalen LVO - Muldalslia NR - barmark - ATV - gårdsdrift - vedlikehold av veg - uttransport av felt hjortevilt - Nils Helge Muldal 2025/10853



Arkivsaksnummer: 2025/10780-5

Saksbehandlar: Kristine Sørli

Dato: 24.11.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	45/2025	01.12.2025

Reinheimen NP – Finndalen – Lordalen – Ottadalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2026 - 2029 - helikopter - snødekt mark - fangst og radiomerking av jerv - Norsk institutt for naturforskning NINA

Innstilling frå forvaltar

Med heimel i naturmangfaldlova § 48 får Norsk institutt for naturforskning (NINA) dispensasjon til motorferdsel med snøscooter, og lågflyging/landing med helikopter for å frakte inn personell og utstyr i samband med radiomerking av jerv i Reinheimen nasjonalpark og landskapsvernområda Ottadalen, Finndalen og Lordalen, innafor kommunane Skjåk, Lom, Vågå og Lesja.

Dispensasjon til motorferdsel blir gjeve med følgjande vilkår:

- Dispensasjon gjeld f.o.m 15.februar t.o.m. 15.april, i 2026, 2027, 2028 og 2029.
- Dispensasjon til lågflyging/landing med helikopter og bruk av snøscooter i verneområda gjeld for dei operasjonane som er strengt tatt nødvendig i løpet av prosjektperioden på 4 år.
- Transporten på snødekt mark kan gjennomførast med inntil 2 snøscootrar med personell frå NINA.
- Kjøring med snøscooter skal planleggjast grundig og skje saman med / i samråd med lokalt SNO.
- I god tid før kvar operasjonsdag skal SNO i Reinheimen, v/ Per Olav Haugen mob.: 97057213, eller Thomas Rødstøl mobilnr.: 915 47 617, varslast om dato og fangstopplegg.
- Motorferdselen skal haldast på eit minimum og skal skje skånsamt av omsyn til dyreliv, naturmiljø og friluftsliv.
- Snøscootertransporten skal så langt det er mogleg følgje eksisterande køyrespor etterkvarande i eitt spor tur-retur.
- Dispensasjon skal takast med under transport, for framvising ved eventuell kontroll.
- Køyrrapport for gjennomført transport (vedlagd) skal fyllast ut og sendast nasjonalparkforvaltinga på e-post: sfinpost@statsforvalteren.no, innan 1.juni kvart år.

Dispensasjon gjeld i høve vernereglar og naturmangfaldlova. Det er søker sitt ansvar å avklare tiltaket med grunneigar, kommunane og evt. andre myndigheiter.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Søknad frå NINA 01.10.2025 – om tillatelse til lavtflyging, landing med helikopter og bruk av snøskuter i forbindelse med fangst og radiomerking av jerv (2026–2029)
- Merknad frå sekretær i R-B Villreinnemnd, e-post 16.10.25
- Merknad frå sekretær i R-B villreinutvalg, e-post 21.10.25
- Lenke til prosjektbeskrivelse: [Jerv som predator på småfe i Nord-Gudbrandsdalen](#)

Saksopplysningar

Søknaden

«NINA v/ prosjektleiar John Odden søker om dispensasjon til lågflyging, landing med helikopter og bruk av snøscooter i samband med fangst og radiomerking av jerv i åra 2026–2029.

Tiltaket skal gjennomførast i regi av forskningsprosjekt: «Jerv som predator på småfe i Nord-Gudbrandsdalen». Prosjektet skal skje innfor områda Dovrefjell–Sunndalsfjella nasjonalpark, Reinheimen nasjonalpark, Breheimen nasjonalpark og Jotunheimen nasjonalpark, alle med tilhøyrande landskapsvernområder

Det er søkt om motorferdsel i perioda 15. februar –20. april i sesongene 2026, 2027, 2028 og 2029. Formålet med transporten er å nytte helikopter og snøscooter for å fange og radiomerke jerv.

I søknaden står det følgjande om prosjektet:

Bakgrunn og formål

NINA fikk i 2025 i oppdrag fra Miljødirektoratet å dokumentere jervens rolle som skadevolder på sau. Prosjektet

gjennomføres i kommunene Dovre, Lesja, Skjåk, Lom og Vågå. Målet er å kvantifisere hvor ofte ulike jerver dreper sau og andre byttedyr ved å følge GPS-merkede individer og undersøke alle lokaliteter der predasjon mistenkes. I

spissen for prosjektet står forskere fra NINA og NIBIO, sammen med Skjåk kommune og beitebrukere i Nord-Gudbrandsdalen. Les mer om prosjektet [her](#).

Metode og gjennomføring

Jerv fanges og bedøves fra helikopter etter standard metodikk, og utstyres med GPS-halsbånd. Alle nødvendige tillatelser fra Mattilsynet og Miljødirektoratet vil foreligge før oppstart av fangst.

Prosjektet tar sikte på å merke 4–6 jerver hver vinter fram til våren 2029. Fangstperioden er 15. februar–20. april i hver av de fire sesongene. Aktivitet styres av vær- og føreforhold, men vi anslår behov for om lag 14 operasjonsdager per sesong. I en operasjonsdag kan det bli opptil seks landinger knyttet til fangst samt forflytning av jerv og personell.

Ved sporingsarbeid kan NINA-personell benytte snøskuter i et begrenset omfang. Dette arbeidet vil i stor grad skje i samarbeid med Statens naturoppsyn (SNO). Vi vil holde motorferdsel på et absolutt minimum, og det vil også i stor grad benyttes ski.

Hensyn til verneverdier

Tiltaket vil gjennomføres på en mest mulig skånsom måte, og vi vil ta hensyn til villrein i arbeidet. Etter vår vurdering vil den tidsavgrensede og begrensede bruken av helikopter og snøskuter ha liten effekt på verneverdiene. Både nasjonal og regional forvaltning har understreket et akutt behov for kunnskap som kan redusere konfliktnivået mellom rovvilt og sauehold. Vi mener derfor at eventuell negativ påvirkning må veies opp mot nytteverdien av studien.»

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndigheit for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og Nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 01.01.2024

Verneformål – forskrift - Forvaltningsplan

Verneformåla for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde som Finndalen, Lordalen og Ottadalen er knytt til natur- og kulturlandskapsverdier der ivaretaking av leveområdet til villreinstammen i området er eit sentalt hovedformål i heile verneområdet. Verneformåla skal og ivareta eit stort samanhengande og villmarksprega fjellområde og eit høgfjellsøkosystem med eit eigenarta og variert biologisk mangfald.

Verneområde	Verneformål § 2
Reinheimen NP	https://lovdata.no/dokument/LF/forskrift/2006-11-24-1302
Ottadalen Ivo	https://lovdata.no/dokument/LF/forskrift/2006-11-24-1306
Finndalen Ivo	https://lovdata.no/dokument/LF/forskrift/2006-11-24-1307
Lordalen Ivo	https://lovdata.no/dokument/LF/forskrift/2006-11-24-1308

Motorferdsel til lands og på vatn og landing med luftfartøy er forbode i nasjonalparken og i landskapsvernområda, jf. verneforskriftene, § 3.

Motorferdsel på snødekt mark, og lågflyging/landring er i utgangspunktet forbode etter vernereglane, og det må derfor gjevast dispensasjon for at aktiviteten skal være lovleg. Motorisert ferdsel i samband med prosjekt som fangst og radiomerking av jerv er heller ikkje spesifisert i verneforskriftene og må vurderast som unntak frå vernereglane, og behandlast som dispensasjon etter naturmangfaldlova § 48.

I verneforskriftene § 4. Generelle dispensasjonregler, erstatta av Naturmangfaldlova § 48 følgjande: *Forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak frå vernereglane når formålet med vernet krev det, for vitskaplege granskingar, for arbeid av vesentleg samfunnsmessig verdi, eller i andre særlege høve når dette ikkje strir mot formålet med vernet.*

I forvaltningsplan for Reinheimen, kap. 4.11 på s. 52 er det retningsliner knytt til vitskaplege undersøkingar og liknande:

«4.11 Vitskaplege undersøkingar og undervisningar

All forskingsaktivitet i nasjonalparken som kan skade verneformålet krev løyve frå forvaltningsstyresmakta. Dette gjeld t.d. motorferdsel i utmark, terrenginngrep og ferdsel som skader villreinen.

4.11.1 Retningsliner

Tema Vitskaplege undersøkingar § 4, jf naturmangfaldlova § 48.

Vitskaplege institusjonar som planlegg vitskaplege undersøkingar som kan vere til skade for verneformålet, må søkje forvaltningsstyresmakta om dispensasjon frå vernereglane. Det vil normalt ikkje bli gjeve løyve til forskning som kan skade naturmiljøet. Forsking som gjev mykje ferdsel over lang tid over store område i nasjonalparken i tider på året der slik aktivitet er negativt for verneformålet er søknadspliktig. Døme på dette er forskning som gjev aktivitet i eller nær kalvingsområda til villreinen om våren. Forvaltningsstyresmakta vurderer forholdet

til vernereglane, den samfunnsmessige interessa av forskingsprosjektet og konsekvensane for verneformålet. Forskingsprosjekt må vurderast i ein samanheng der ein ser på den samla verknaden på verneverdiane, og om forskningsprosjektet alternativt kan gjennomførast utafor nasjonalparken. I vurdering av søknadene skal forvaltningsstyresmakta også leggje vekt på å ivareta behovet for ei fri og uavhengig forskning.»

Naturmangfaldlova (Nml)

Dispensasjonsregelen i naturmangfaldlova § 48 er i utgangspunktet meint for uføresette tilfelle som ikkje vart vurdert ved oppretting verneområdet, i fyrste rekke bagatellmessige inngrep eller forbigåande uro. Nml § 48 fyrste alternativ dekkjer forhold der verneføremålet og verneverdiane toler enkeltståande avvik frå vernereglane.

Nml § 48 sett strenge krav til når ein dispensasjon eventuelt kan vurderast, og opnar for dispensasjon for tiltak som *«ikke strider mot verneformålet og ikke påvirker verneverdiene nevneverdig»*. Begge vilkår må vera oppfylt.

Dispensasjon må heller ikkje gjevast sjølv om vilkåra er oppfylt. Skjønn og instruksar frå overordna myndigheiter spiller også inn. Dispensasjonsheimelen i Nml § 48 kan ikkje nyttas for å utvide ramma gjeve i vernevedtaket, men skal være ein sikkerheitsventil som skal fange opp heilt spesielle tilfelle som ikkje ble vurdert på vernetidspunktet.

I tillegg til behandling etter verneforskrift og eventuelle retningslinjer i forvaltningsplan må søknaden også vurderast etter naturmangfaldlova § 7 om miljørettslege prinsipp, jf. § 8 kunnskapsgrunnlag, § 9 føre-var prinsippet, § 10 samlet belastning på økosystemet, § 11 kostnader ved miljøforringelse bæres av tiltakshaver samt § 12 miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder.

Vurdering

Nasjonalparkstyret kan gjere unntak frå vernereglane for vitenskaplege undersøkingar/prosjekt eller arbeid av vesentleg samfunnsmessig verdi når aktiviteten ikkje strir mot verneformålet eller er til skade for naturmiljøet.

I april 2024 fekk villreinen si eiga stortingsmelding der forvaltninga blir oppmoda til ei meir restriktiv haldning til bruk av motorisert ferdsel i villreinområdet: *«Totalomfanget av motorferdsel i villreinområda skal reduserast, [...] Motorisert ferdsel utgjør ei særskild utfordring, fordi det gir lengre rekkjevidde inn i villreinområda. Det er nødvendig med ei heilskapleg forvaltning av motorferdsel i villreinområda, slik at det samla omfanget ikkje blir for stort (St.meld. nr. 18 (2023–2024))»*. Det er uheldig at tal dispensasjonar til motorferdsel i villreinområdet aukar i samband med forskingsprosjektet, men ved å samordne transporten med SNO sin aktivitet i området vil ein kunne minimere motorferdselen i stor grad.


Prosjektet er godt fagleg forankra i Miljødirektoratet og i den lokale beitebruksnæringa i Nord-Gudbrandsdalen. NINA har som uavhengig faginstitusjon fått i oppdrag frå Miljødirektoratet og dokumentere rolla til jerven som skadevoldar på sau, og søkjar har eit akseptert behov for motorferdsel for å kunne gjennomføre radiomerking av jerv på ein effektiv måte. Formålet med prosjektet er av vesentleg samfunnsmessig verdi fordi beitebruksnæringa i kommunane med areal i Reinheimen området er avhengig av å nytte utmarksressursen i verneområda, der tap av sau og lam til rovdyr er ei stor utfordring og belastning for einskildebrukarar. I forvaltningsplan for Reinheimen, s. 35 står følgande: *«Der er registrert til dels store tap til freda rovvilt på sau og lam. Dette representerer vesentlege økonomiske tap, tap i samband med avl og ei stor personleg belastning for den einskilde brukar.»*

Det er avgjerande at tiltaket ikkje skader naturmiljøet og er i konflikt med villreinen sin områdebruk i den perioden fangstperioden skal skje i løpet av vintersesongen. Bruk av helikopter vil kunne gje ei stuttare opphaldstid og uro i verneområdet enn snøscooter, og vil i

utgangspunktet vera ei mindre total belastning for verneområda i prosjektperioden. Det står i søknaden at NINA vil bruke eiga personell i liten grad, og vil gå inn på ski i områda. Bruk av snøscooter vil i stor grad skje i samarbeid med SNO som kjenner områda og har kjennskap til køyretidspunkt der ein unngår konflikt med villrein. NINA har i søknaden stipulert at det totalt er behov for om lag 14 operasjonsdagar med inntil 6 landingar per operasjonsdag. I utgangspunktet vil det kunne føre til ei stor belastning for verneområda, men 14 operasjonsdagar skal fordelast på 4 store verneområde og det er heller ikkje sikkert at alle operasjonane vil skje innafor vernegrensene og heller ikkje i Reinheimen. For å avgrense omfanget av motorisert ferdsel til eit minimum er det heilt avgjerande at lokalt SNO i hovudsak blir nytta i gjennomføringa av fangst for radiomerkinga. SNO er i området vinterstid og kjenner jerven sin aktivitet i verneområdet, og kan rettleie om køyretrasear, føreforhold og områder for å målrette innsatsen.


Den totale motorferdselen i Reinheimen området får å gjennomføre fangst og radiomerking er usikkert. Men vilkår om å gjennomføre køyring i samråd med SNO vil kunne avbøte på evt. ulemper for totalbelastninga og villreinen sin bruk. Tiltaket er i eit avgrensa tidsrom, er forbigående og vil ikkje stride mot verneformålet eller kunne påverke verneverdiane i nemneverdig grad. Begge vilkåra er oppfylt, jf. naturmangfaldlova § 48.

Funksjonsområder – villreinstammen i Reinheimen



Kartet over viser kalvings- og oppvekstområder og viktige vårbeiter for bukk i Reinheimen-Breheimen villreinområde. (Kunnskapsgrunnlag for kvalitetsnormarbeidet 2021)


Kalvings- og oppvekstperioda er definert i tidsperioden fra mai til siste halvdel av juni, med lokale variasjoner. I Reinheimen – Breheimen kan kalvingen begynne allerede i slutten av april, derfor er det viktig at fangst og radiomerking av jerv blir gjennomført så tidlig som mogleg i fangstperioden.



Kartet viser vinterbeiter i Reinheimen-Breheimen villreinområde. (Kunnskapsgrunnlag for kvalitetsnormarbeidet 2021)

Vinterbeiteperioden er ifølge kvalitetsnormen fra og med november til og med april. Varigheten av vinterbeitene utover våren kan imidlertid variere, og avhenger av tidspunktet for når simlenes trekk mot kalvingslandet starter, og hvor lenge det går før bukkene eventuelt forlater vinterbeitet og søker seg til vårbeitene.

Det er også en del nordvendte dalsider som har tynt snødekke, og derfor er viktige for villreinen om våren. Det blir ofte tidlig bart i disse områdene om senvinteren/våren og dei har eit frodig beite for villreinen, som da er i «vårknipa» etter en hard vinter.



Kartet viser trekkpassasjer i Reinheimen-Breheimen villreinområde. (Kunnskapsgrunnlag for kvalitetsnormarbeidet 2021)

Sekretær for Villreinnemnda og for villreinutvalet i Reinheimen-Breheimen området har gjeve følgjande uttale til aktiviteten:

«Nemnda meiner dette er eit viktig prosjekt som vi er positive til. Samstundes er vi opptekne av at villrein blir minst mogleg forstyrta i samband med prosjektet. I den grad det er mogleg, ynskjer vi at merking og ferdsel i samband med merking blir gjort så tidleg som mogleg på vinteren (villrein er meir sårbar når ein nærmar seg kalving). Vi ynskjer også at ein i størst mogleg grad unngår merking og motorferdsel i kalvingsområda, men vi har forståing for at dette kan vera vanskeleg å unngå. Det kan vel hende jerven ofte er å finne i eller i nærleiken av villrein sine kalvingsområde.

Nå er det ein truverdig søkjar det er prat om. Slik sett vil eg tru naturomsyn står langt fram i

køen. Men 20.april tykkjer eg er litt nære kalvinga. Ein vil jo at dyra skal få mest mogleg ro i forkant. 10/15.april hadde vore betre. I tillegg bør det vere ein dialog mellom villreinutvalet og dei utførande i forkant av kvar flyging. Ein vil jo ikkje drive denne aktiviteten i utsette område. Områda er jo vanskelege å forutsi. Særleg nå når det er stor endring i områdebruk. Enkelte område er også meir utsette enn andre mtp. topografi. F.eks Liafjellet.»

«Kunnskapsgrunnlaget – jf. naturmangfaldlova § 8

Det er god kunnskap om arealbruken til villreinen i området, og det er ikkje nødvendig å ta i bruk naturmangfaldlovas § 9, «føre-var-prinsippet». Motorferdsel bør avgrensast til eit minimum i tråd med det generelle forbodet mot motorferdsel sett i verneforskrifta § 3 pkt. 5.1. Ved å følgje retningslinene for motorferdsel i forvaltningsplanen, som legg vekt på å unngå køyring som kan uroe dyreliv unødige, vil ikkje transporten gje varig skade som trugar verneformålet. Det må også takast omsyn til dei som ønskjer å oppleve naturen med minst mogleg støy. Det er ei føresetnad at NINA har tett dialog med med lokalt SNO i Reinheimen i samband med snøscooter- og helikoptertransporten.

Gjennomføring av prosjektet fører til motorisert ferdsel i eit relativt stort omfang, men samtidig er tiltaket knytt eit konkret forskningsprosjekt over store områder og i ein avgrensa prosjektperiode. Sidan transporten skal gjennomføres i samarbeid med SNO vil ein kunne samordne motorferdseltrafikken i verneområda slik at samla omfang av motorferdsel på vinterføre neppe vil koma på eit nivå som gjev samla belastning på området over akseptabelt nivå, jf. § 10 «*økosystemtilnærming og samla belastning*».

Motorisert ferdsel med helikopter og snøscooter fører ikkje til ikkje miljøforringing dersom det blir utført med omsyn til verneverdiane, og Nml § 11 blir såleis ikkje vurdert som relevant.

«*Miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder*», jf. Nml § 12

Det er og allment kjent at motorferdsel kan ha negativ verknad på dyreliv. Ved å ha god dialog med SNO i forkant av operasjonsdagane vil ein kunne få kunnskap om køyretraseer og villreinen vil bruk. Bruk av helikopter og snøscooter er relevante transportmetoder for formålet.

Prosjektet vil også kunne gje ny kunnskap om jerv og beitedyr i verneområdet, og vil kunne gje auke kunnskap om jerven si rolle og bruk av området.

I Reinheimen området er det i enkelte år store tap av sau og lam til rovvilt. Dette utgjer ei stor belastning for einskilde beitebrukarar. Formålet med landskapsvernområda som grenser inn til Reinheimen nasjonalpark er *å ta vare på eit vakkert natur- og kulturlandskap, der verdifulle setermiljø, vegetasjon og kulturminne utgjer ein vesentleg del av landskapets eigenart*. Beitedyr, som t.d. sau og lam, er i den samanheng viktige for å ivareta eit vakkert kulturlandskap og for å hindre attgroing av verdifull vegetasjon i landskapsvernområda.

Nasjonalparkforvaltar vurderer at ein har tilstrekkelig kunnskap om naturmangfaldet og verneverdiane, og at vilkåra for å gje dispensasjon er oppfylt.

Nasjonalparkforvaltaren vil understreke at dispensasjon i dette tilfelle er særleg knytt til formålet, og at det er lagt opp til å begrense omfanget til eit absolutt minimum. Transporten vil med gjevne vilkår ikkje vera i strid med verneformålet for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde eller påverke verneverdiane i verneområda i nemneverdig grad.



Arkivsaksnummer: 2025/11938-2

Saksbehandlar: Kristine Sørli

Dato: 24.11.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	46/2025	01.12.2025

Nasjonalparkstyret for Reinheimen - midler til tiltak i verneområder - naturrestaurering - SNO-ressurser - 2026

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Reinheimen vil med bakgrunn i besøksstrategien, skjøtelsplanar, sårbarheitskartlegging, besøksundersøkingar og andre relevante utgreiingar be om at det blir utarbeidd nødvendig grunnlagsdokument og søkt om tiltaksmidlar for 2026 til følgjande tiltak:

	Namn	Tiltakstype	Verneområde
1	Skjøtsel, Sterringen i Finndalen, Horgheimsetra, Vermedalssetrene, Gravdehaug og Selen i Romsdalen	Vidareføre skjøtsel- og /gjerding for bufe, No Fence, Slått og rydding, Slått og inngjerding	Finndalen Ivo Romsdalen Ivo
2	Hovudinnfallsport Billingen	Vidareutvikle tilrettelegging- og informasjonstiltak i trå med landskapsplan og sårbarheitsvurderingar (2025). Vidare arbeid for å forsterke natur- og kulturstien i trå med sårbarheitsvurderingar. Detaljprosjekt budsjettering fotopunkt for gjennomføring - basert på forprosjekt. Ny besøksteller i Tordalen	Reinheimen NP
3	Innfallsport Kløvstigen	Definering av sti mot veg og bygge steintrapp. Sette opp benker langs sti. Fullføre oppgrusing av sti. Informasjonspunkt - mogleg portalskilt/informasjonsskilt på parkeringsplass ved Trollstigfoten.	Trollstigen Ivo
4	Innfallsport Zakariasdammen	Fornye infopunkt og stistart Erstatte eksisterande stativ med 3 cortenstålplater 2000x950 mm, og oppdatert Informasjon jf.	Reinheimen NP Trollstigen Ivo

		besøksstrategi/designmanualen. Flytte punktet til meir strategisk plass. Avklaring med Fjord kommune, DNT Sunnmøre, Tafjord Kraft.	
7	Samlepott – fornye innhald og evt, skiltsystem på eksisterande informasjonspunkt i trå med Besøksstrategien	Midlar til skiltsystem og informasjonsplakatar som er avklart med lokale aktørar og som må fornyast i i trå med Besøksstrategien og designmanualen. Avklaringar med lokale aktørar, kommune, grunneigarar Tenestekjøp grafisk design og evt, utskifting av skiltsystem fundamentere/grunnarbeid Aktuell info.punkt i 2026: Norsk Tindesenter Dønfoss Lordalen – Nysetra Rånå Finndalen – Odden Nordherad i Vågå Lia i Lom Aursjoen Tunga/Sjugurdgarden	Reinheimen NP og tilhøyrande lvo, randsoner
	Valldal sentrum	Moglegheitsstudie – aksene Slettvikane – Valldal – Tafjord. Inkluderer Øvstestølen, Gudbrandsjuvet, Muldalen Samarbeid med Fjord kommune, SVV, grunneigarar	Randsona til verneområdet

Nasjonalparkstyret for Reinheimen ber og om at sekretariatet melder inn behov for midlar til arbeid i nasjonalparkstyret og rådgjevande utval og nødvendige driftsmidlar i 2026:

- Driftsmidlane til nasjonalparkstyret skal kunne dekke 6 styremøte, synfaringar, elektroniske møte / møte i AU-Reinheimen, evt. styreledersamling/studietur. Driftsbudsjettet skal også dekke minimum eitt møte med rådgjevande utval og administrativt fagutval, og møter i samband med forvaltningsplanrevisjon.
- Midla skal og dekke vidare arbeid med revisjon av forvaltningsplan, jf. vedtak om oppstart, sak 49/2022 og innspel til oppstartsmelding, sak 44/2023 og godkjent prosjektplan:
 - Dialogmøte med kommunar og lokale aktørar.
 - Auke kunnskapsgrunnlaget, jf. pågåande arbeid med revisjon av forvaltningsplan.
 - registrere bygningar, installasjonar og kulturminne i verneområda i Naturoppdrag.
- Midla skal og dekke revisjon av skjøtelsplanar for Lordalen lvo og Romsdalen lvo.
- Driftsmidla skal dekke drift og vedlikehald av eksisterande tiltak, stiger og drift av toalett på Kløvstien og Billingen, leie av domenenamn for styret sine nettsider og drift av nasjonalparkstyret sine besøkstellarar.

Ønske om tenester frå SNO:

- oppfølging av ferdselsteljarar i Kløvstigen, ved Eiafossen, Slettvikane, Puttbudalen, Tordalen og Billingen
- supplere naturoppdrag med registrering av båtar, installasjonar, bygningar og kulturminne
- ettersyn og utskifting og supplering av løveskilt og andre informasjonsskilt som sårbarheitsskilt
- tilsyn med pågåande skjøtselstiltak og nye tiltak, samt drift, vedlikehald og feltarbeid i Kløvstien, Eiafossen og Natur- og kulturstig på Billingen

Etter tildeling av budsjettmidlar til Reinheimen i januar/februar, vil Nasjonalparkstyret for Reinheimen kunne ta stilling til endeleg prioritering av tiltak for gjennomføring i 2026.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- E-post av 27.10.25 frå Miljødirektoratet:
Føringar for forvaltningsmyndighetene for verneområder - tiltaksmidler, restaureringsmidler og SNO-ressurser for 2026
Revidert strategi for bruk av midler til tiltak i verneområder (2026-2030)
- Forvaltningsplan for Reinheimen (2010)
- Besøksstrategi i Reinheimen (2019)
- TILTAKSPLAN – REINHEIMEN, jf. besøksstrategi
- Skjøltsplaner for verneområder knytt til Reinheimen nasjonalpark
- Sårbarhetsvurdering rovfugl/våtmarksfugl, Reinheimen 2018
- Sårbarhetsvurdering for Billingen og Tordalen, 2025
- Sårbarhetskartlegging i Kløvstien, Eiafossen

Vedlegg:

- 1 Føringar for forvaltningsmyndighetene for verneområder - tiltaksmidler, restaureringsmidler og SNO-ressurser for 2026
- 2 Strategi for bruk av tiltaksmidler i verneområder 2026-2030

Saksopplysningar

KLD sin handlingsplan for styrka forvaltning av verneområda og brev frå Miljødirektoratet med strategi og rammer for bruk av tiltaksmidlar dannar ramma for tiltak det kan søkast om. Miljødirektoratet har 27.10.25 sendt brev til nasjonalparkstyrene med føringar for innmelding av behov for tiltaksmidler og restaureringsmidlar i verneområda, og SNO-ressursar i for 2026.

«Elektronisk søknadssenter (ESS) skal som vanlig benyttes for å melde inn behov for midler til tiltak i verneområder og naturrestaurering. Søknadssenteret åpner for innmelding over kap. 1420 post 31 den 15. november, og frist for innmelding er 9. januar 2026. Innmelding av behov for SNO-ressurs skal bygge på planleggingsmøter mellom forvaltningsmyndighet for verneområdene og SNO lokalt.»

Nasjonalpark- og verneområdestyra har i fleire år meldt inn behov for midlar til tiltak i ESS, og har på bakgrunn av innmeldinga fått ei rammetildeling, med rom for å disponere midlane mellom innmeldte tiltak som er innanfor postformålet til kap./post 1420.31 i statsbudsjettet og er i tråd med strategien for bruk av midlar til tiltak i verneområde.

Miljørettsprinsippa gjeld for tiltak i verneområde og for naturrestaurering

«De miljørettslige prinsippene (§§ 8 til 12) i naturmangfoldlovens kapittel II skal legges til grunn ved myndighetsutøvelse som berører naturmangfold. For at det skal komme frem tydeligere hvilke vurderinger som er gjort forut for søknader om midler til tiltak, skal forvaltningsmyndighetene synliggjøre vurderingene av miljørettsprinsippene ved innmelding av behov for midler til tiltak som kan berøre naturmangfold. Når en beslutning har

utelukkende positiv effekt for naturmangfold, er det ikke nødvendig å bruke prinsippene. Vi ber om at det gis en kort oppsummering av vurderingen i merknadsfeltet ved utfylling av skjema i elektronisk søknadssenter og at eventuell utfyllende beskrivelse av vurderingene legges ved som vedlegg til tiltaket. Vurderingen etter prinsippene skal være forholdsmessig til tiltakets omfang og påvirkning på naturmangfoldet. I henhold til KLD sin veileder om naturmangfoldloven kapittel II, er det ikke nødvendig å henvise til hvert enkelt prinsipp, men vi ønsker at det kommer frem hvilke vurderinger som er gjort. Veilederen ligger på regjeringens nettsider [her](#) og Miljødirektoratets veiledning om miljørettsprinsippene finnes [her](#).»

Nytt – Tiltak for villrein er innlemmet i budsjettposten

I forslag til statsbudsjett for budsjettåret 2026, som ble lagt fram den 15. oktober, er tiltak for villrein inkludert i kap. 1420 post 31. Miljødirektoratet arbeider med tilrettelegging av dette og vil komme tilbake med informasjon om denne delen av budsjettposten når slik informasjon er klar.

Tiltak i verneområda

«Målet for bruken av midler til tiltak i verneområder er at naturtilstanden opprettholdes eller bedres. Miljødirektoratet legger Strategi for bruk av midler til tiltak i verneområder (2026-2030) til grunn for tildeling av midler, se vedlegg 1. Det kan meldes inn behov for tiltak i alle typer av verneområder, inkl. marine verneområder og verneområder i sjø.

Alle tiltak i verneområder skal prioriteres i tråd med Strategi for bruk av midler til tiltak i verneområder (2026-2030) og skal i utgangspunktet være forankret i godkjent forvaltnings- eller skjøtselsplan, besøksstrategi eller tilsvarende plan for arbeidet. Tiltaksplaner i FPNV (forvaltningsplan på nett) er koblet til søknadsskjema i ESS. Disse tiltaksplanene åpnes i ESS, og FPNV-tiltak velges direkte inn i søknadsskjemaet.

Det kan tildeles midler til kartlegginger og andre nødvendige utredninger som er direkte knyttet til tiltak»

Informasjonstiltak

«Alle informasjonstiltak som iverksettes skal være i henhold til merkevaren Norges nasjonalparker og være forankret i en besøksstrategi. For verneområder forvaltet av verneområdestyrer og for verneområder med status som Ramsarområde, skal besøksstrategier sendes til Miljødirektoratet for faglig godkjenning...»

Driftsmidler til verneområdestyrer

«Verneområdestyrerne skal melde inn behov for driftsmidler over post 1420.21 i ESS.

Midler til driftsoppgaver i verneområdene kan ikke dekkes over post 1420.31, men kan omsøkes under post 1420.21.»

Forvaltningsplaner og bevaringsmål

Forvaltningsplaner skal utarbeides i det nettbaserte FPNV-systemet. I løpet av 2026 vil FPNV fases ut, og forvaltningsplaner skal etter det utarbeides i Naturoppdrag. Sannsynligvis vil denne overgangen skje rundt sommeren.

Vi trenger å vite hva som er effekten av tiltak som settes inn, og vi oppfordrer derfor forvaltningsmyndigheten til å etablere bevaringsmål i Naturoppdrag.

Ferdsestellere

Vi har frem til nå hatt et opplegg for ferdselstellere eid av Miljødirektoratet, som fordeles til forvaltningsmyndighetene basert på behovsinnmelding i ESS. SNO lokalt har bistått med oppsetting og drift, samt ajourføring av databasen. Antallet ferdselstellere som fortsatt

fungerer er nå så få at de gjenværende tellerne vil bli fordelt internt i regionene etter vurderinger gjort på planleggingsmøtene.

Det blir ikke mulig å melde inn behov for direktoratets ferdselstellere i ESS.

Planlegging av verneområdearbeidet

Det er viktig å sikre god dialog og forutsigbarhet i verneområdearbeidet med hensyn til prioritering av oppsynsinnsats, gjennomføring av oppdrag og oppfølging av bevaringsmål som SNO har ansvar for. Forvaltningsmyndigheten og naturoppsynet skal bruke Naturoppdrag, både i planlegging og gjennomføring av oppdrag i verneområdene. Forvaltningsmyndighetene har hovedansvar for behov og oppdrag, mens SNO bruker observasjon, med eller uten krav til oppfølging, samt installasjon for å registrere det som oppdages/registreres i felt. Forvaltningsmyndigheten må deretter vurdere om det skal genereres behov eller oppdrag utfra SNO sine innlagte observasjoner og installasjoner. De årlige planleggingsmøtene skal omhandle verneområdearbeidet og være en arena for samhandling om utfordringer og prioriteringer kommende år.

SNO er selv ansvarlig for å planlegge og prioritere og er økonomisk ansvarlig ved gjennomføring av egne tilsyns- og kontrolloppgaver. Det er allikevel viktig at forvaltningsmyndigheten drøfter tilsynsbehov med SNO og kommer med innspill til prioriteringer av tilsynsvirksomheten for kommende år.

Tiltaksmidlene vil bli tildelt i hovedtildelingen i februar 2026. Dersom det skulle bli behov for supplerende tildelinger senere på året, meldes behov inn på e-pos t- -»

Forvaltarane gjennomførte møte med SNO 18.11.25 på Åndalsnes for å gå igjennom naturoppdrag, og drøfte utfordringer og behov for tilsyn- og kontrolloppgaver og feltoppgaver fra kommende år. SNO er selv ansvarleg for å planlegge, prioritere og være økonomisk ansvarleg ved gjennomføring av tilsyns- og kontrolloppgaver. Det er likevel viktig at forvaltningsmyndigheita drøfter behova med SNO, og kjem med innspel til prioriteringar for 2026. I tillegg kan forvaltningsmyndigheita ha behov for å få utført feltoppgaver som registreringsarbeid, bevaringsmål eller tiltak i verneområde (restaurerings-, skjøtsels- eller tilretteleggingstiltak). I den dialogen skal den digitale portalen «*Naturoppdrag*» nyttas både til å legge inn behov og oppdrag som grunnlag for planleggingsmøte og drøftingar.

Status og gjennomførte tiltak i 2025

Skjøtsel:

Det er gjennomført skjøtsel på Breidstulen og Sterringen i Finndalen Ivo, Bjøknesetra i Lordalen Ivo, Horgheimsetra, Vermedalssetrene, Gravdehaug og Selen i Romsdalen Ivo.

Tiltaka dreier seg om å styre beiting ved bruk av NoFence på geit og på storfe, slått for å halde i hevd verdifull slåttemark og rydding og slått og for å hindre attgroing i verneområda.



Bilde av enga på Nordre Sælen før slått.

Tildelte midler 2025	Forbruk pr. 24.11.25
200 000	109 750

Informasjon- og tilretteleggingstiltak:

Billingen

Forprosjekt – fotopunkt langs natur- og kulturstien, tenestekjøp Nordplan AS

Stiltak – natur- og kultursti, nytt rekkverk på utleggsbrua, v/SNO

Utviding av parkering på innfallsporten, parkeringsfelt og støttemur v/ lokal entreprenør



Tildelte midler 2025	Forbruk pr. 24.11.25
500 000	466 040

Kløvstien

Innleid stirydder har lagt grus ved Trollstigfoten slik at stien tåler et økt besøkstrykk.

Arbeid på nederste delen av Kløvstien samt klopplugging v/SNO og lokale stiryddere





Tildelte midler 2025	Forbruk pr. 24.11.25
150 000	58 776 ny bru

Trollveggen/Eiafossen

Podusert og satt opp 12 vippeskilt, 5 opplysningsskilt, ferdselstellere og plakater ved naturstien på Eiafossen.

Åpning av naturstien ved Eiafossen under Norsk fjellfestival.



Tildelte midler 2025	Forbruk pr. 24.11.25
90 000	83 759

Trollstigplatået

Sårbarhetsvurdering i området fra utsiktsplattform langs stier til Alnesreset. Tenestekjøp Dokkadelta AS

Tildelte midler 2025	Forbruk pr. 24.11.25
110 000	0

Fauttjønn/Slådalen – Lesja bygdutun

Arbeid med nye informasjonsplakater på Fauttjønn ble igangsatt, men etter møte i Rågjevande utval 26.sept kom det sterke innvendingar mot informasjonspunktet på Slådalen av omsyn til villrein og arbeidet er avslutta. Plakatar blir fjerna ila 2026.

Tildelte midler er brukt til språkvask og innfestingsskruer på informasjonspunkt utenfor Lesja Bygdemuseum.

Tildelte midler 2025	Forbruk pr. 24.11.25
20 000	4 904

Zakariasdammen, Sjugurdgarden og Tunga - ikkje igangsatt 2025

restmidler kr. 50 000,-

Finndalen

